



Møteinncalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	30.10.2017
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post unni.rygg@nyeoygardenkommune.no eller solvi.spilde@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj i møterommet frå kl. 11.30.

Straume, den 23.oktober 2017.

Kari-Anne Landro (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 17/17	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 18/17	Organisering av leiarstruktur for fellesnemnda
PS 19/17	Skriv, meldingar og orienteringar
PS 20/17	Oppretting og val av medlemmer til ei valnemnd for fellesnemnda
PS 21/17	Val av varamedlemmer og nyval til arbeidsutval - Politisk styringsstruktur og eigarskapsmodellar
PS 22/17	Mandat - Politisk utval for eigarskap
PS 23/17	Mandat - Politisk utval for politisk styringsstruktur
PS 24/17	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering pr.medio oktober 2017
PS 25/17	Invitasjon frå KS til å delta i finansieringsordning for etablering av digitale løysingar - Oppfølging frå møtet 02.10.27
PS 26/17	Kommunikasjonsplan, fase 3 - oktober 2017-deseember 2019
PS 27/17	Eigedomsskatt i samband med kommunesamanslåing - Søknad om utsett frist
PS 28/17	Ymse



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 016
Saksmappe: 2017/4790-26620/2017
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 23.10.2017

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Organisering av leiarstruktur for fellesnemnda

Samandrag av saka:

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune konstituerte seg i møte 2. oktober 2017. Etter tilråding frå dei tre ordførarane vert det foreslått at ein ser på valet som vart gjort på nytt, og at leiarvervet for fellesnemnda vert delt mellom ordførarane i dei tre kommunane som skal verte Nye Øygarden kommune. Dei tre ordførarane utgjør ei leiargruppe som samarbeider tett og sørgjer for at prosjektorganisasjonen løysar sine oppgåver for fellesnemnda på ein måte som sikrar god dokumentasjon i arbeidet.

Det vert foreslått at dei tre ordførarane tar leiarvervet i fellesnemnda for Nye Øygarden kommune på omgang fram til og med kommunevalet 2019. Tillit mellom medlemmene i fellesnemnda og tillit mellom fellesnemnda og leiargruppa vil vere viktige faktorar i det arbeidet som skal munne ut i etableringa av Nye Øygarden kommune i januar 2020. Ei organisering med rullering av leiarvervet vil styrke målet i intensjonsavtalen om at kommunane er likeverdige partar.

Den som er leiar i fellesnemnda er òg leiar i partsamansett utval.

Innstilling:

Fellesnemnda vedtar at dei tre ordførarane tar leiarvervet i fellesnemnda for Nye Øygarden kommune på omgang fram til og med kommunevalet 2019. Ordførar Kari-Anne Landro vert valt til leiar i perioden oktober 2017 - mai 2018. Ordførar Børge Haugetun vert valt til leiar i perioden juni 2018 - januar 2019. Ordførar Marianne Sandahl Bjørøy vert valt til leiar i perioden februar 2019 - september 2019.

Leiar i fellesnemnda vil til ei kvar tid òg vere leiar i partsamansett utval.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Saksopplysningar:

Fellesnemnda for Nye Øygarden kommune konstituerte seg i møte 2. oktober 2017. Etter tilråding frå dei tre ordførarane vert det foreslått at ein ser på valet som vart gjort på nytt, og at leiarvervet for fellesnemnda vert delt mellom ordførarane i dei tre kommunane som skal verte Nye Øygarden kommune.

Proessen med å etablere Nye Øygarden er krevjande og inneheldt mange prosessar der fellesnemnd, prosjektorganisasjon og dei tillitsvalde må samarbeide for å kome til ein god struktur for den nye organisasjonen Nye Øygarden kommune. Fram mot januar 2020 er sjølve prosessen med å etablere ein ny kommune det viktigaste elementet i dette samarbeidet.

Tillit mellom aktørane er avgjerande i arbeidet som skal gjerast. Ei hensiktsmessig organisering av arbeidet føreset at roller og vedtaksprosessar er klåre og tydelege for å leggje til rette for å etablere Nye Øygarden kommune som ein framtidsretta og kunnskapsbasert organisasjon.

Dei tre ordførarane utgjer ei leiargruppe som samarbeider tett og sørgjer for at prosjektorganisasjonen løyser sine oppgåver for fellesnemnda på ein måte som sikrar god dokumentasjon i arbeidet.

Det vert foreslått at dei tre ordførarane tar leiarvervet i fellesnemnda for Nye Øygarden kommune på omgang fram til og med kommunevalet 2019. Tillit mellom medlemmene i fellesnemnda og tillit mellom fellesnemnda og leiargruppa vil vere viktige faktorar i det arbeidet som skal munne ut i etableringa av Nye Øygarden kommune i januar 2020. Ei organisering med rullering av leiarvervet vil styrke målet i intensjonsavtalen om at kommunane er likeverdige partar.

Den som er leiar i fellesnemnda er òg leiar i partsamansett utval.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Skriv, meldingar og orienteringar

Skriv / meldingar

- *Fast post:* melding om status og framdrift for prosjektet v/ prosjektleiar Paul J. Manger
- Møtetidspunkt for fyrste møte i partssamansett utval vert føreslått flytta til tysdag 21.november kl. 9-11
- Vara til partssamansett utval frå tillitsvalde i Fjell



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Oppretting og val av medlemmer til ei valnemnd for fellesnemnda

Samandrag av saka:

Det vart i møtet i fellesnemnda 02.10.17 føreslått at fellesnemnda bør ha ei valnemnd som kan førebu innstillingar i valsaker. Prosjektleiar fekk i oppdrag å lage ei sak til neste møte om val av ei valnemnd for fellesnemnda.

Fellesnemnda avgjer sjølv om dei ønskjer å opprette ei valnemnd og kor mange medlemmer den skal ha frå kvar kommune. Valnemnda må ha ein kjønnsbalanse på 40/60.

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek å opprette ei valnemnd.

Til valnemnda vert valt:

.....
.....
.....
.....

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:**Saksopplysningar:**

I første møtet i fellesnemnda 2. oktober vart det under drøfting av sak 8/17 – *Politisk organisering av Nye Øygarden kommune utval som skal oppnemnast i prosessen* – stilt eit spørsmål om fellesnemnda burde ha ei valnemnd som kan førebu val av medlemmer til ulike utval. Prosjektleiari vart i møtet beden om å vurdere å legge fram ei sak om val av ei slik valnemnd, til neste møte.

Vurdering:

Prosjektleiari legg fram saka utan ei nærare vurdering. Fellesnemnda sine medlemmer er godt kjent med kva rolle ei valnemnd har og gjer sjølv ei vurdering i kva grad det er behov for ei valnemnd. I tillegg må det avgjerast kor mange medlemmer frå kvar kommune valnemnda skal ha. Det vert gjort merksam på at det også for ei valnemnd må vere ein kjønnsbalanse på 40/60.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Val av varamedlemmer og nyval til arbeidsutval - Politisk styringsstruktur og eigarskapsmodellar

Samandrag av saka:

Det vart i sak 8/17 i fellesnemnda den 02.10.17, vedteke å oppnemne to utval som skal arbeide med:

1. Politisk styringsstruktur
2. Eigarskapsmodellar

I samband med behandling av denne saka vart det ikkje valt varamedlemmer frå Fjell kommune og prosjektleiar vart beden om å legge fram ei sak til neste møte som gjeld val av desse.

I tillegg vart det i ettertid oppdaga at utvalet som skal sjå på eigarskapsmodellar, ikkje tilfredsstiller krav til kjønnsbalanse.

Det skal difor i denne saka veljast manglande varamedlemmer frå Fjell kommune i begge utvala, samt gjerast eit nyval for utvalet som skal sjå på eigarskapsmodellar.

Det var i førre behandling av saka, semje om å nytte ei numerisk varaliste framfor personlege varamedlemmer.

Innstillinga frå prosjektleiar er berre ei oppstilling av dei rollane som skal fyllast med namn. Talet på medlemmer/varamedlemmer i utvala vert avgjort av fellesnemnda.

Innstilling:

Varamedlemmer frå Fjell kommune – *politisk styringsstruktur*:

.....
.....
.....

Varamedlemmer frå Fjell kommune – *Eigarskapsmodellar*:

.....
.....
.....

Utval for **Eigarshipsmodellar** - Det vert valt følgjande medlemmer og varamedlemmer:

Frå Fjell:

- Medlem:
- Medlem:
- Medlem:
 - Varamedlem:
 - Varamedlem:
 - Varamedlem:

Frå Sund:

- Medlem:
 - Varamedlem:

Frå Øygarden

- Medlem:
 - Varamedlem:

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

I møtet i fellesnemnda 02.10.17 vart det gjort vedtak om å oppnemne to utval som skal arbeide med

1. politiske styringsstrukturen og
2. eigarskapsmodellar.

Protokoll frå sak 8/17:

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Det vart under drøfting av saka stilt eit spørsmål om fellesnemnda burde ha eit valstyre. Prosjektleiar vart beden om å vurdere å legge fram ei sak til neste møte om val av ei valnemnd.

Innstillinga vart samrøystes vedteken med framlegg om følgjande kandidatar til dei to utvala:

Politisk styringsstruktur

Frå Fjell

- Marianne Sandahl Bjorøy - leiar
- Ernst Einarsen
- Kristin Brennhaug

Frå Sund

- Jogeir Sognnæs
- Jørgen Kausland

- Elisabeth Toft Erichsen – 1. vara
- Ørjan Telle – 2. vara

Frå Øygarden

- Børge Haugetun
- Ingrid Marie Toft
 - Espen Harkstad – 1. vara
 - Silvia Haugland – 2. vara

Eigarskapsmodellar

Frå Fjell

- Egil Haaland
- Helena Morland Hansen
- Daniel Victor Sandvik

Frå Sund

- Per Eikeseth
 - Nils Kåre Skoge – vara

Frå Øygarden

- Atle Dāvøy
 - Silvia Haugland – vara

Det var semje om å nytte ei numerisk varaliste framfor personlege varamedlemmer. Det må leggst fram ei sak til neste møte i fellesnemnda som gjeld supplering av varamedlemmer for Fjell kommune og eventuelle justeringar i høve til kjønnsbalanse i utvala.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. *Fellesnemnda oppnemner eit utval som går gjennom den politiske styringsstrukturen i prosessen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune. Utvalet vil òg foreslå delegasjonsreglement for Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiars sin stab vil vere sekretariat for utvalet.*
2. *Fellesnemnda oppnemner eit utval som ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiars sin stab vil vere sekretariat for utvalet.*
3. *Fellesnemnda oppnemner leiars medlemmar og varamedlemmer i utval for politisk styringsstruktur:*

Frå Fjell

- Marianne Sandahl Bjorøy
- Ernst Einarsen
- Kristin Brennhaug

Frå Sund

- Jogeir Sognnæs
- Jørgen Kausland
 - Elisabeth Toft Erichsen – 1. vara
 - Ørjan Telle – 2. vara

Frå Øygarden

- Børge Haugetun
- Ingrid Marie Toft

- *Espen Harkestad – 1. vara*
- *Silvia Haugland – 2. vara*

*Leiar for utval for politisk styringsstruktur vert: **Marianne Sandahl Bjorøy***

4. Fellesnemnda oppnemner leiar, medlemmar og varamedlemmer til utval for eigarskap:

Frå Fjell

- *Egil Haaland*
- *Helena Morland Hansen*
- *Daniel Victor Sandvik*

Frå Sund

- *Per Eikeseth*
 - *Nils Kåre Skoge – vara*

Frå Øygarden

- *Atle Dåvøy*
 - *Silvia Haugland – vara*

*Leiar for utval for eigarskap vert: **Atle Dåvøy***

Fellesnemnda ber om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat for dei to utvala.

Under behandlinga av denne saka hadde Fjell kommune ikkje namn klar på varamedlemmer til dei to utvala og bad om at det vart lagt fram ei valsak til neste møte.

For utvalet som skal sjå på eigarskapsmodellar, så viser det seg i ettertid at dette utvalet ikkje tilfredsstiller krav om kjønnsbalanse. Likestillingslova § 13 regulerer krav om kjønnsbalanse i offentlege utval. For eit utval beståande av fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to. Det same kravet gjeld for val av varamedlemmer. Utvalet må altså supplerast med ei kvinne for å tilfredsstille kjønnsbalansen. I tillegg må Fjell kommune oppnemne minst ein av kvart kjønn på lista over varamedlemmer.

Det skal difor i denne saka veljast manglande varamedlemmer i begge utvala, samt gjerast eit nyval for utvalet som skal sjå på eigarskapsmodellar.

Vurdering:

Prosjektleiar legg fram saka utan annan innstilling enn eit forslag til oppstilling av dei ulike rollene som skal fyllast med namn. Fellesnemnda må sjølv vurdere kva tal medlemmer og varamedlemmer utvala skal ha.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Mandat - Politisk utval for eigarskap

Samandrag av saka:

Fellesnemnda vedtok i møte 2. oktober 2017 at det vert utarbeidd eit framlegg til mandat til politisk utval for eigarskap. Utvalet er valt til å sjå på eigarskapsmodellane i dei tre kommunane. Utvalet skal koma med forslag til felles løysingar om eigarskap og eigarskapsrepresentasjon i Nye Øygarden kommune.

Prosjektlear gjev i denne saka innstilling til mandat for utvalet.

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek slikt mandat.

Det politiske utvalet for eigarskap skal:

1. Ta utgangspunkt i samlerapport «Kartlegging av eigarskapsstruktur» som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april 2017.
2. Finna sameina, framtidsretta og tenlege organisasjonsmodellar om eigarskap og interesserepresentasjon.
3. Utarbeida framlegg til eigarskapsmodellar som skal vera økonomisk berekraftige, føreseielege, effektive og gje tenestetilbod av høg kvalitet innan sine verksemdsområde.
4. Arbeida for ein eigarstruktur med færrest mogleg einingar som gjev best moglegheit for demokratisk styring.
5. Levera ein tilrådd sluttrapport seinast ved utgangen av mars 2018.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
prosjektlear

Dokument vedlagt saka:

- Felles rapport presentert i møte for førebuande fellesnemnda 24. april 2017


Saksopplysningar:

Rapporten frå arbeidsgruppa som skulle sjå på eigarskapen i dei tre kommunane, vart lagt fram for førebuande fellesnemnd i møte 24. april 2017 sak 22. I merknaden til behandlinga vart det tilrådd at arbeidsgruppa skulle halda fram med arbeidet og m.a. søkja råd hos fylkesmannen om kva som er gjort i andre kommunar som er i same prosess som Nye Øygarden kommune. Arbeidsgruppa som utarbeidde rapporten har ikkje vore i aktivitet i etterkant av 24. april 2017.

I sak PS 8/17 «Politisk organisering av Nye Øygarden kommune» i møte 2. oktober 2017, vedtok fellesnemnda å oppnemna eit politisk utval som «ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune». Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiaren sin stab vil vera sekretariat for utvalet. Fellesnemnda ber om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat.

Kartlegginga i rapporten lagt fram for førebuande fellesnemnd 24. april viser at dei tre kommunane nyttar desse selskapsformene:

- Aksjeselskap (AS)
- Interkommunal selskap (IKS)
- Kommunale føretak (KF)
- Interkommunale samarbeid
- Samvirkeføretak (SA)
- Stifting



Figuren over er henta frå rapporten til førebuande fellesnemnd 24. april 2017.

Tabell 1 – samandrag (henta frå rapporten til førebuande fellesnemnd 24. april 2017):

Selskapsform	Fjell	Sund	Øygarden
Aksjeselskap	8	7	9
Interkommunale selskap	5	5	3
Kommunalt føretak	0	1	0
Interkommunalt samarbeid	6	7	7
Stifting	5	6	3
Samvirkeføretak	2	1	2
Andre	8	7	11

Tabellen syner alle registrerte eigarskaps- og interessekonstellasjonar som var registert i dei tre kommunane.

Det vert elles synt til rapporten som ligg ved saka.

Vurdering:

Rapporten frå arbeidsgruppa som såg på dei tre kommunane sine eigarskapsmeldingar og samanfatta desse, syner eit samla oversyn over korleis dei tre kommunane har organisert sin eigarskap og representasjon. Mykje er likt og noko er ulikt i dei tre kommunane. Utfordringa er å finna dei gode fellesløysingane.

Prosjektleiari legg til grunn at det politiske utvalet skal sjå på og ta stilling til alle registrerte eigarskapskonstellasjonar i dei tre kommunane som er presentert i rapport lagt fram for førebuarde fellesnemnd 24. april 2017.

Prosjektleiari syner til innstillinga i saka. Det er lagt vekt på å føreslå eit mandat som kan gje rom for kreative, kvalitative og gode løysingar.


Prosjektleiari vil føreslå at politisk utval for eigarskap i hovudsak følgjer tabell 1, jamfør saksutgreiinga, som prioriteringsliste for arbeidet. Dette betyr at utvalet startar med AS først. Spesielt viktig er fellesløysingar for vatn, renovasjon og avlaup. Dette omfattar alle innbyggjarar i Nye Øygarden kommune.

Prosjektleiari ser det som viktig at framlegga vert kvalitetssikra undervegs. Om naudsynt vil prosjektorganisasjonen skaffa kompetanse etter behov.

Prosjektorganisasjonen kallar inn til første møtet.

I rapporten til førebuarde fellesnemnd 24. april 2017 er både pensjonskasse og kyrkjeleg fellesråd omtala. Det er ikkje lagt opp til at politisk utval for eigarskap skal vurdere pensjonskassespørsmålet og felleskyrkjeleg råd sin framtidige organisering/eigarskap. Dette vert ivareteke i andre prosessar.

Førebuande Fellesnemnd



Kartlegging av selskapsstruktur



Innholdsliste

1	Bakgrunn og føremål	3
2	Selskapsoversikt	4
2.1	Aksjeselskap (AS)	5
2.2	Interkommunale selskap (IKS)	6
2.3	Kommunale føretak (KF).....	6
2.4	Interkommunalt samarbeid	7
2.5	Stifting	8
2.6	Samvirke (SA).....	8
2.7	Pensjonskasse, Råd, Interesseorganisasjonar, Nettverk	9
3	Eigardelar	10
4	Vegen vidare.....	11



1 Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er tinginga frå Førebel's Fellesnemnd. Tinginga inneber kartlegging av selskapsstrukturen i dei tre kommunane, Fjell, Sund og Øygarden. Kartlegginga skal syne korleis dei ulike kommunane har valt å organisere sine selskap utanfor den ordinære kommunale forvaltninga.

I kartlegginga kjem det fram følgjande:

- Oversyn over selskapa og selskapsform
- Føremålet med selskapa
- Oversikt over eigardelar
- Oversikt over selskap kommunane eig saman
- Administrativ og politisk deltaking i styrer, råd osv.

Kartlegginga består hovudsakleg av ei samla oversikt (vedlegg 1), kor alle data kjem fram. Vedlagt ligg og eigarskapsmeldingane for kvar kommune (vedlegg 3-5). I tillegg til å kartlegga selskapa er det også kartlagt nettverk/råd etc. Det er utfordrande å kartlegga alle nettverk og råd i kommunane, slik at denne lista kan være mangelfull.

Administrativ arbeidsgruppe

Den administrative arbeidsgruppa som har medverka i kartlegginga er:


- Christian Alsaker, Sund kommune
- Grethe Bergsvik, Fjell kommune
- Rune Lid, Sund Kommune
- Jarle Kåre Oen, Øygarden kommune



2 Selskapsoversikt

Kommunane har stor fridom til å organisera tenestane slik dei finn det føremålstenleg, som del av den ordinære kommunale forvaltninga eller gjennom etablering t.d. av eige selskap. Når kommunen organiserer tenesteproduksjonen innanfor kommunen som organisasjon, gjeld styringssystem som følgjer av kommunelova, men når delar av verksemda vert lagt over i eigne selskap må styringssystema følgje den aktuelle lovgivinga.

Figuren under syner ulike selskapsformer etter aukande grad av sjølvstende.



Kartlegginga visar at dei tre kommunane nyttar desse selskapsformene:

- Aksjeselskap (AS)
- Interkommunal selskap (IKS)
- Kommunale føretak (KF)
- Interkommunale samarbeid
- Samvirkeføretak (SA)
- Stifting

Tabell synar tall på selskap innan kvar selskapsform.

Selskapsform	Fjell	Sund	Øygarden
Aksjeselskap	8	7	9
Interkommunale selskap	5	5	3
Kommunalt føretak	0	1	0
Interkommunalt samarbeid	6	7	7
Stifting	5	6	3
Samvirkeføretak	2	1	2
Andre	8	7	11



2.1 Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap vert oppretta og drive etter Lov om aksjeselskap. Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og kan ha ein eller fleire eigarar. Selskapsforma kan vera tenleg dersom ein ynskjer å ha ulike grupper av eigarar eller leggja til rette for at fleire – både fysiske og juridiske personar, kan vera eigarar. Lova set krav om ein minste eigenkapital i selskapet. Eigenkapitalen skal til ei kvar tid vera forsvarleg i høve til omfanget på selskapet si drift. Eigarane er normalt ikkje ansvarlege for selskapet sine plikter. På den andre sida rår eigarane heller ikkje fritt over selskapet sine inntekter og eigardeler.

Eigarskapen vert forvalta gjennom generalforsamlinga i selskapet. Der kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre vedtak fastsetja rammer for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Generalforsamlinga vel styret i selskapet. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av aksjeselskapet, og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål og innanfor rammene lovgjevinga set.

Aksjeselskap er aktuelt å nytta der det vert vurdert som tenleg for å løysa forvaltningsmessige oppgåver og for å løysa oppgåver av heil eller delvis forretningsmessig karakter. I selskap som skal driva forvaltning på vegner av kommunen, skal kommunen (kommunane) som hovudregel eiga 100 % av aksjane. Kommunestyret skal sjå til at aksjeselskapa har vedtekter som gjer klart greie for kva selskapet sine forretningsmessige rammer skal vera.

Fjell	Sund	Øygarden
Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS
BKK AS	BKK AS	BKK AS
Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS
Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS
Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS	Norsk Bane AS	Naturgassparken Vest AS
Fjellvar AS: Fjell Vatn Avløp og Renovasjon AS	Sund Vatn og Avlaup AS	Scalpro AS
Sambygg AS	BIR AS	TIDE ASA
Straume Idrettspark AS		CCB Kollsnes AS



2.2 Interkommunale selskap (IKS)

Interkommunale selskap vert oppretta og drive ut frå Lov om interkommunale selskap. Samarbeid mellom fleire kommunar (og fylkeskommunar) kan organiserast som interkommunale selskap (IKS). Interkommunale selskap er eigne rettssubjekt – rettsleg og økonomisk skild frå deltakarkommunane. Kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for sin del av selskapet sine samla forpliktingar. Selskapet sitt øvste mynde er representantskapet. Representantskapet er eigarane sitt organ – og deltakarkommunane sitt eigarmynde ligg til representantskapet. Her kan deltakarkommunane gjera vedtak som er bindande for styret – og også omgjera vedtak som styret har fatta. Slik sett har deltakarkommunane større påverknad på styringa av selskapet enn det som er tilfelle i aksjeselskap.

Selskapsforma er mest aktuell der økonomisk utbytte av drifta ikkje er eit mål.

Kommunestyret skal sjå til at det er fastsett ei selskapsavtale som er tydeleg på selskapet sitt formål og rammer.

Fjell	Sund	Øygarden
Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen
Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS
Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Sotra og Øygarden Brannvesen IKS
Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	
Driftassistenten i Hordaland - Vann og Avløp IKS	Driftassistenten i Hordaland - Vann og Avløp IKS	

2.3 Kommunale føretak (KF)

Kommunalt føretak skal opprettast og drivast etter reglar i kommunelova. Kommunalt føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt og har ikkje økonomisk sjølvstende. Reglane om kommunale føretak tek særleg sikte på å gje eit alternativ for meir sjølvstendig organisering av kommunale oppgåver. Kommunale tenesteeiningar kan tinga tenester frå eit kommunalt føretak etter behov. Føretaket vert leia av eit styre og ein dagleg leiar. Leiaren rapporterer til styret, ikkje til rådmannen. Rådmannen har uttalerett i saker som føretaket ynskjer fremja for politisk handsaming. Det kommunale budsjettet set rammer for verksemda føretaket driv, og styret er bunde av vedteke budsjett.

Kommunalt føretak vert som regel nytta i samband med oppgåver som inneber både samfunnsmessige og forretningsmessige omsyn. I hovudsak vert kommunalt føretak nytta i forretningsdrift som normalt ikkje er i konkurranse med private leverandørar. Kommunestyret skal sjå til at godkjende vedtekter fastset oppgåvene og rammene for drift av føretaket.

Fjell	Sund	Øygarden
Ingen	Sund Eigedomsutvikling KF	Ingen



2.4 Interkommunalt samarbeid

Kommunelova § 27 har reglar om samarbeidsavtaler mellom kommunar (og fylkeskommunar) når samarbeidet er organisert med eit eige styre. Styret vil ha eit avgrensa avgjerdsmynde knytt til verksemda si drift og organisering. Det må lagast vedtekter for eit slikt interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid kan og organiserast etter «vertskommunemodellen». I den modellen har ein kommune driftsansvaret og budsjettansvaret. Dei andre deltakarane i samarbeidet refunderer utgifter etter ei fordeling som er fastsett i samarbeidsavtala. Ofte vert det oppretta eit rådgjevande organ med deltakarar frå samarbeidskommunane for å fylgja verksemda etter denne modellen. Rådet har ikkje styringsrett. Kommunestyret må godkjenna samarbeidsavtaler/vedtekter for interkommunalt samarbeid.

Fjell	Sund	Øygarden
Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd
Etablerersenteret	Etablerersenteret	Etablerersenteret
Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor
IUA Bergen	IUA Bergen	IUA Bergen
Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse
Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval
Gründerparken Vest	Gründerparken Vest	Gründerparken Vest
	Invest In Bergen	Invest In Bergen



2.5 Stifting

Stiftingar vert oppretta og drivne etter Lov om stiftingar. Ei stifting er ein formuesverdi som stiftarane har sett av for å fremja eit nærare fastsett føremål. Kommunar kan åleine eller i lag med andre oppretta stiftingar. Stiftingar er eigne rettssubjekt, men har ingen eigar («stiftinga eig seg sjølv»). Kommunen har difor ingen direkte styringsrett for stiftingar og kan heller ikkje henta ut midlar frå ei stifting som kommunen har oppretta. Stiftinga vert leia av eit eige styre. Styret vel sjølv medlemmer til styret i medhald av vedtektene. Stiftarane fastset normalt vedtekter for stiftinga. Vedtektene kan gje føringar for korleis styret skal vera samansett. Styret kan fremja endringar i vedtektene. Før slike vedtektsendringar vert godkjende av Stiftingstilsynet, vert det kravd dokumentasjon på at stiftarane ikkje har merknader til endringane. Kommunestyret skal godkjenna vedtekter for stiftingar der kommunen er med på å oppretta stiftinga.

Stifting vert ofte nytta som organisasjonsform for verksemdar av ikkje-økonomisk karakter, spesielt med eit sosialt eller kulturelt føremål.

Fjell	Sund	Øygarden
Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest
Stiftinga Kystsogevokene	Stiftinga Kystsogevokene	Stiftinga Kystsogevokene
Fjell Bustadstifting	Stiftinga Johannes Kleppevik Sitt Minnefond	Kystmuseet i Øygarden
Roald Tellnes Kunstsamling (under avvikling)	Stiftinga Marstein Fyr	
Stiftinga Fjell Festning	Stiftinga Nordsjøfartsmuseet I Tælavåg	
	Stiftinga Trellevik Kystkultursenter	

2.6 Samvirke (SA)

Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar, og vert styrt av dei som handlar med føretaket og som dermed har direkte nytte av den verksemda som vert drive. Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigardelar. På årsmøtet, samvirkets øvste organ – fattast avgjerda som hovudregel ut frå prinsippet om eitt medlem, éin stemme. Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma.

Fjell	Sund	Øygarden
Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA
Gjerdet Kulturminnegard SA		Øygarden Samfunnshus SA



2.7 Pensjonskasse, Råd, Interesseorganisasjonar, Nettverk

Organisasjonsform	Fjell	Sund	Øygarden
Pensjonskasse	Fjell Kommunale Pensjonskasse	KLP: Kommunal Landspensjonskasse	KLP: Kommunal Landspensjonskasse
Råd	Fjell Kyrkjeleg fellesråd	Sund Kyrkjeleg fellesråd	Øygarden Kyrkjeleg fellesråd
	Regionrådet Vest	Regionrådet Vest	Regionrådet Vest
	Vest Næringsråd	Vest Næringsråd	Vest Næringsråd
	Fjell, Sund og Øygarden forliksråd	Fjell, Sund og Øygarden forliksråd	Fjell, Sund og Øygarden forliksråd
Interesseorganisasjonar	KS	KS	KS
	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar	LNK: Landssamanslutninga av nynorskkommunar
	Foreining Basecamp		Foreningen Vest-Norges Brusselkontor AS
Nettverk			NKP - Nettverk for petroleumskommunar
			NFKK: Nettverk for fjord- og kystkommuner
			Sunne Kommuner: WHOS Norske nettverk



3 Eigardelar

Tabellen synar eigardelane til Fjell, Sund og Øygarden i dei ulike aksjeselskapa og interkommunale selskapa etter samanslåing, samt eigardelen som kjem frå kvar kommune.

Aksjeselskap	Eigardel			
	Sum	Fjell	Sund	Øygarden
Gode Sirklar AS	100%	50%	25%	25%
Bergen og Omland Hamn AS	20%	11%	1%	8%
Trigger Jobb AS	13,1%	7%	4,4%	1,7%
BKK AS	3,43%	1,89%	1,02%	0,52%
Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS	100%	100%		
Fjellvar AS: Fjell Vatn Avløp og Renovasjon AS	100%	100%		
Sambygg AS	80%	80%		
Straume Idrettspark AS	34%	34%		
Sund VA: Sund Vatn og Avlaup AS	100%		100%	
BIR AS	1,83%		1,83%	
Norsk Bane AS	0,1%		0,1%	
Naturgassparken Vest AS	50%			50%
CCB Kollsnes AS	12,5%			12,5%
Scalpro AS	0,21%			0,21%
TIDE ASA	0,04%			0,04%

Interkommunale selskap	Eigardel			
	Sum	Fjell	Sund	Øygarden
Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	100%	78,37%	21,52%	0%
Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	100%	64%	18%	18%



4 Vegne vidare

Denne rapporten avgrensar seg til å kartlegga selskapsstrukturen i Fjell, Sund og Øygarden slik den er i dag. Vidare arbeid må vurderast framtidig selskapsstruktur basert på positive og negative erfaringar med dei ulike organiseringane. Basert på val av organisering må det leggjast ein strategi for god eigarskap, god selskapsleiing og kontroll av dei kommunale selskapa.

Arbeidsgruppa nemnar spesielt nokre viktige tenestefelt kor kommunane i dag er organisert ulikt og kor det må takast stilling til framtidig løysing. Dette gjeld innan område for vatn, avlaup og renovasjon (VAR-tenester), samt innan omsorgsbustader og bustader for vanskelegstilte.

Vatn og avlaup: Fjell og Sund har organisert tenestene vatn og avlaup i eigne aksjeselskap (FjellVAR og Sund VA), mens det i Øygarden er ein del av den ordinære kommunale forvaltninga.

Renovasjon: Fjell har organisert renovasjon i same selskap som vatn- og avlaup tenestane (FjellVAR), mens Sund nyttar BIR AS og har eigardel i dette aksjeselskapet, saman med fleire andre kommunar i regionen. I Øygarden er renovasjon ein del av den ordinære kommunale forvaltninga. Øygarden nyttar underleverandør til renovasjonstenestane.

Bustader: Fjell har organisert omsorgsbustader og bustader for vanskelegstilte i ei stifting, Fjell bustadstifting. (Stiftinga eig også nokre kommunale barnehagar). I tillegg har Fjell eige bustadkontor som del av den ordinære kommunale forvaltninga. Sund har organisert tilsvarande bustader i kommunalt føretak, Sund Eigedomsforvaltning KF. I Øygarden er bustadane ein del av den ordinære kommunale forvaltninga.

Tenesteområde		Fjell	Sund	Øygarden
Vann og avlaup	Selskapsform	Aksjeselskap	Aksjeselskap	Kommunal forvaltning
	Selskap	FjellVAR	Sund VA	Kommunal forvaltning
Renovasjon	Selskapsform	Aksjeselskap	Aksjeselskap	Kommunal forvaltning
	Selskap	FjellVAR	BIR AS	Underleverandør
Bustader	Selskapsform	Stifting Kommunal forvaltning	Kommunalt føretak	Kommunal forvaltning
	Selskap	Fjell Bustadstifting Bustadkontor	Sund Eigedomsforvaltning KF	Kommunal forvaltning



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Mandat - Politisk utval for politisk styringsstruktur

Samandrag av saka:

I møte 2. oktober 2017 vedtok fellesnemnda å oppnemne eit politisk utval som skal gå gjennom den politiske styringsstrukturen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune, inkludert å føreslå nytt delegasjonsreglement. Fellesnemnda vedtok også å be om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat for arbeidet.

Denne saka inneheld prosjektleiaren sitt framlegg til mandat.

Grunnlaget for arbeidet er mykje lagt i Intensjonsavtalen, og mandatet vil ha fokus på å få til eit best mogleg samsvar med intensjonane i denne. I tråd med vedtaket 2.oktober føreset også framlegg til mandat at utvalet skal utarbeide framlegg til nytt delegasjonsreglement.

Prosjektleiaren er positiv til at ein allereie tidleg i prosessen set i gang med dette arbeidet.

Innstilling:

1. Det politiske utvalet for gjennomgang av den politiske styringsstrukturen i Nye Øygarden kommune skal legge til grunn følgjande mandat for arbeidet:
 - Utvalet sitt arbeid skal byggje på dei grunnleggjande føresetnadene som er fastlagt i Intensjonsavtalen, og på sentrale element i styringa av dei tre kommunane i dag.
 - Utvalet skal vurdere behovet for andre utval, råd og komitear utover dei som går fram av Intensjonsavtalen.
 - Utvalet skal utarbeide eit presist grunnlag for arbeidet i kommunestyret, formannskapet, dei fire hovudutvala, kontrollutvalet, administrasjonsutvalet og evt. andre utval eller komitear. Dette skal m.a klargjere ansvarsområde, arbeidsform, grensesnitt og andre tilhøve som er naudsynt og tenleg for at dei skal fungere best mogleg kvar for seg og saman.

- Utvalet skal utarbeide eit nytt og samlande delegasjonsreglement for den nye kommunen. Reglementet skal vere presist og tydeleg når det gjeld å klargjere ansvarstilhøve og mynde på alle viktige område mellom politikk og administrasjon.
- 2. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda, og levere sluttrapport innan utgangen av mars 2018.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Dokument vedlagt saka:

Ingen

Saksopplysningar:

I møte 2.oktober 2017 vedtok fellesnemnda å oppnemne eit politisk utval som skal gå gjennom den politiske styringsstrukturen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune, inkludert å føreslå nytt delegasjonsreglement. Fellesnemnda vedtok også å be om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat for arbeidet. Jf også til pkt. 5 i milepelsplanen.

Kommunestyra i Fjell, Øygarden og Sund vedtok i mai 2016 Intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune. I denne vert dei aller mest sentrale prinsippa og føringane for kva den nye kommunen skal bygge på klarlagt.

Kapitel 6 i Intensjonsavtalen slår m.a fast at ...»*Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politiske utval og gjennomgåande representasjon*». Den seier vidare at det skal vere fire hovudutval, kva ansvarsområde desse skal ha, og kor mange medlemmer det skal vere i kommunestyret, formannskapet og i kvart av hovudutvala.

Intensjonsavtalen er overordna og ein vil trenge meir detaljerte retningslinjer og føresetnader for å styre og administrere ein stor og kompleks organisasjon som den nye storkommunen vil vere. Framlegg til mandat for det politiske utvalet byggjer på denne tankegangen, som også inneber behovet for å utarbeide eit nytt og samlande delegasjonsreglement for nye Øygarden kommune til erstatning for dei som i dag gjeld for kvar kommune.

Vurdering:

Hovudstrukturen og –prinsippa for styringa i den nye storkommunen er vedteke i dei tre kommunestyra, og dette går fram av fellesnemnda sitt vedtak som indikerer at målet for arbeidet ikkje er å gjere grunnleggande endringar, men heller ein gjennomgang for å finpusse detaljane og sikre at ein ikkje har utegløymt forhold det er viktig å ha vorte samde om i god tid før utvala vert formelt oppretta etter kommunevalet i 2019. Når dette skjer, vil det også vere særleg tenleg om ein allereie har eit dokument som tydeleggjer kva formelt ansvar og

mynde dei ulike delane av det politiske og det administrative styringssystemet har, altså eit delegasjonsreglement.

Framlegget føreset at utvalet går gjennom ulike sider ved det politiske arbeidet og den politiske organiseringa i dei tre kommunane slik det er i dag, og implementerar dei mest positive sidene ved dette inn i den framtidige styringa. Det vil vere naturleg at ein i den samanheng vurderer kor detaljert ein skal vere, t.d. om ein også skal inkludere framlegg til system og nivå for godtgjering i dei ulike politiske fora o.l.

Prosjektleiaren sitt framlegg til mandat bygger på desse føresetnadene. Prosjektleiaren er positiv til at ein allereie tidleg i prosessen set i gang med dette arbeidet.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering pr.medio oktober 2017

Samandrag av saka:

I møte 2.oktober 2017 i fellesnemnda la prosjektleiaren fram ei førebels skisse til milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune til orientering. Nemnda vedtok at denne skal verte vidare utvikla og oppdatert i forståing med fellesnemnda.

Denne saka inneheld ei vesentleg oppdatering av planen, både kva gjeld innhald, form m.v. I tillegg til å innehalde ei rekkje nye tiltak, er kvaliteten i presentasjonen endra med siktemål å gjere planen meir intuitiv og pedagogisk. Innspela frå fellesnemnda i førre møte er innarbeidd.

På same måte som i førre møte inviterer prosjektleiaren nemnda til å kome med innspel for å gjere planen til ein mest mogleg levande og tenleg arbeidsreiskap for alle som er involvert i prosessen med å skipa den nye storkommunen.

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek føreliggjande milepelsplan til orientering.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
Prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:

- Framlegg til milepelsplan, datert medio oktober 2017

Saksopplysningar:

I møte 2.oktober 2017 i fellesnemnda la prosjektleiaren fram ei førebels skisse til milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune til orientering. Nemnda vedtok at denne skal verte vidare utvikla og oppdatert i forståing med fellesnemnda.

Denne saka inneheld ei vesentleg oppdatering av planen, både kva gjeld innhald, form m.v. I tillegg til å innehalde ei rekkje nye tiltak, er kvaliteten i presentasjonen endra med siktemål å gjere planen meir intuitiv og pedagogisk. Innspela frå fellesnemnda i førre møte er innarbeidd.

Første del av planen (s.1-2) er mykje den same som i den første versjonen, og inneheld eit kortfatta/ stikkordsmessig eller tabellarisk oversyn over dei ulike tiltaka, og fargekodar som syner start/vedtakstidspunkt, arbeidsfase og tenkt avslutningstidspunkt for dei tiltaka som allereie er vedteke eller fremja sak om til fellesnemnda. Dei tiltaka som p.t ikkje er fremja som sak til fellesnemnda, har ein då ikkje vist med fargekode. Dette vil verte gjort i tråd med den vidare handsaminga i fellesnemnda. Alle tiltaka er nummerert.

Ein har også utvida tabellen med ein rubrikk kalla 2020 og som indikerer at det kan vere tiltak som ein vil halde fram å arbeide med etter at den nye kommunen er etablert. Tiltak 27 kan vere eit døme på dette.

I andre del av planen, -sidene 3-5, finn ein dei same tiltaka under same nummer som i del 1, men med vesentleg meir utfyllande og beskrivande tekst.

Vurdering:

Prosjektleiaren vil meine at ein med denne versjonen av milepelsplanen er komen vesentleg lengre i arbeidet med å gjere milepelsplanen til eit tenleg verkty for alle dei som er involvert i arbeidet, anten det gjeld fellesnemnda eller dei andre som arbeidar med prosjekt Nye Øygarden kommune. Ein har også von om at den vil vere til hjelp for alle andre som har interesse av å orientere seg i prosjektet.

Ein er samstundes merksam på at det kan vere tiltak blant desse som ein ønskjer å ta ut av prosjektet, eller tiltak som ein ønskjer å legge til. Føreliggande versjon er mykje basert på Intensjonsavtalen og på politiske og administrative innspel i prosessen til no. Prosjektleiaren har von om at fellesnemnda vil vere aktive i den vidare prosessen, og ser fram til dei komande møta.

MILEPELSPLAN

Medio oktober 2017

■ Start/avslutning
■ Under arbeid

Prosjektområde	2017		2018				2019				2020
	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	1. kv	2. kv	3. kv	4. kv	
Etablere/ utvikle/tilpasse prosjektorganisasjon	■	■	■	■	■	■	■	■	■	■	
1. Konstituering av fellesnemnda		■	■	■	■	■	■	■	■	■	
2. Modell for organisering av prosjekt Nye Øygarden		■	■	■	■	■	■	■	■	■	
3. Budsjett for prosjektperioden		■	■	■	■	■	■	■	■	■	
4. Partsamansett utval		■	■	■	■	■	■	■	■	■	
5. Utval for ny politisk styringsstruktur		■	■	■							
6. Utval for arbeid med eigarskapsmodell		■	■	■							
7. Mandat for prosjektarbeidet		■	■	■	■	■	■	■	■	■	
8. Milepelsplan		■	■	■	■	■	■	■	■	■	
9. Digitaliseringsprosjekt KS/deltaking og finansiering											
10. Valkomite for fellesnemnda											
11. Kommunikasjonsplan											
12. ROS analyse knytt til samanslåingsprosessen											
13. Omstillingsavtale. Samordn. av ulike personalvilkår											
14. Støtnadsordningar for prosjektet											
15. IKT og infrastruktur. Samordna løysingar og system											



16. Ny matrikkel											
17. Samordning og koordinering av ulike fagsystem											
18. Framtidig pensjonsordning											
19. Samordning av kommunale gebyr											
20. Utgreie konsekvensar av eigedomsskatt											
21. Plan for framtidige planoppgåver											
22. Etablere kunnskapsklynge											
23. Kommunal infrastruktur. Kartlegging og vurdering											
24. Administrativ organisasjonsmodell											
25. Tilsetting av rådmann for nye Øygarden kommune											
26. Tilsetting av revisor i nye Øygarden kommune											
27. Budsjett for nye Øygarden kommune											
28.											
29.											
30.											



Nr	Oppgåve	Administrativt ansvar	Politisk ansvar	Tid
1	Konstituering av fellesnemnda	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda /drøfting og vedtak	2.oktober 2017
2	Modell for organisering av prosjektet- politisk og administrativt	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/drøfting og vedtak	2.oktober 2017
3	Budsjett for prosjektperioden. Skisse	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting	2.oktober 2017
4	Oppnemne partssamansett utval	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
5	Oppnemne utval for å arbeide fram politisk styringsstruktur i den nye kommunen. Inkl. utarbeiding av nytt delegasjonsreglement. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017
6	Oppnemne utval for å vurdere eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i den nye kommunen. Inkl. vedtak av mandat*)	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017 / *30.okt.2017
7	Mandat for prosjektarbeidet	Prosjektleder/saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober 2017
8	Milepelsplan. System for kontinuerleg oppdatering av arbeidet med å skipa nye Øygarden kommune. Utvikling av innhald og framdrift i heile prosjektperioden i nært samarbeid mellom fellesnemnda og prosjektleder.	Prosjektleder/ saksframlegg og kontinuerleg ajourhald og oppdatering	Fellesnemnda/ drøfting og tilbakemeldingar	Første gong 2.oktober 2017
9	Digitalisering. Prosjekt i regi av KS. Førespurnad om deltaking i finansiering	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.oktober / 30.oktober 2017
10	Etablere eigen valkomite for fellesnemnda	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
11	Utarbeida kommunikasjonsplan. Prioritera fortløpande informasjon og kommunikasjon mellom fellesnemnda, prosjektleiinga og innbyggjarane	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	30.oktober 2017
12	Utarbeide ROS-analyse for arbeidet med å slå saman dei tre kommunane. Administrativt prosjekt/ kontinuerlig utvikling og oppfølging mellom	Prosjektleder/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og	20.november 2017



	prosjektleder og fellesnemnda		godkjenning av mandat for arbeidet	
13	Omstillingsavtale. Utvikling og samordning av tilsette sine løns-, arbeids- og andre personalmessige vilkår. Jf også til tidlegare kartlegging i regi av førebua fellesnemnd, og til Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe, inkl. tillitsvalde.	Prosjektleder/ Saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	20.november 2017
14	Avklare aktuelle stønadsordninger for prosjektet. Finne og vurdere statlige og evt. andre ordninger som ein kan søkje om eller på andre måtar gjere seg nytte av. Både økonomiske, kompetansemessige e.a.	Prosjektleder/ saksframlegg eller orientering	Fellesnemnda/ Informasjon	20.november 2017
15	IKT og infrastruktur. Utvikling av samordna system for heile den nye kommunen. Oppfølging av tidlegare kartlegging av IKT-systema i kvar av kommunane. Administrativ arbeidsgruppe, inkl. tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	11.desember 2017
16	Ny matrikkel. Prosjekt i samsvar med Kartverket sin prosjektplan for arbeid med ny matrikkel i nye kommunar. Administrativ arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat.	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	11.desember 2017
17	Samordning og koordinering av ulike fagsystem, herunder arkivsystem, system for internkontroll m.v. Alle fagområde. Administrativ arbeidsgruppe m/tillitsvalde	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	11.desember 2017
18	Avklare framtidig pensjonskasseordning med sikte på samordning Jfr tidlegare kartlegging i regi av førebua fellesnemnd. Arbeidsgruppe m/tillitsvalde.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	11.desember 2017
19	Samordning av kommunale gebyr for alle prissette tenester som t.d byggesak, kart og oppmåling, renovasjon m.v. Arbeidsgruppe.	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
20	Utgjeie konsekvensar av eigedomsskatt på verk, bruk og næring. Jfr «Eigedomsskatt» i kap.10 i Intensjonsavtalen. Politisk arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
21	Plan for framtidige planoppgåver med særleg prioritet. Vurdera innhald, tidspunkt for oppstart, organisering m.v planer og planformer som vil ha særleg relevans i høve ny storkommune. T.d kommuneplanen sin samfunnsdel, kommuneplanen sin arealdel, felles kulturplan m.v. Arbeidsgruppe	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
22	Etablere kunnskapsklynge for aktuelle næringar og verksemdar. Sjøast i samanheng med etablering av ny vidaregåande skule og høgskuleutdanning. Politisk arbeidsutval	Prosjektleder/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018



23	Kartlegging og vurdering av kommunal infrastruktur Kartlegga noverande infrastruktur som bygg, anlegg, køyretøy og anna utstyr. Vurdera vidare bruk. Arbeidsgruppe	Prosjektleiar/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2018
24	Utvikle administrativ organisasjonsmodell. Inkl lokalisering av arbeidsplassar og –funksjonar, også dei kommunale NAV-tenestene. Jfr s.7 i Intensjonsavtalen. Administrativ arbeidsgruppe koordinert med administrativ gruppe for omstillingsavtale.	Prosjektleiar/ saksframlegg m/mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	2.kvartal 2018
25	Tilsetting av rådmann i nye Øygarden kommune. Jf Inndelingslova og vedteke reglement for fellesnemnda. Politisk utval utarbeider framlegg til premissar for prosess m.v	Prosjektleiar/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	4.kvartal 2018
26	Tilsetting av revisor i nye Øygarden kommune Jf reglement for fellesnemnda.	Prosjektleiar/ saksframlegg	Fellesnemnda/ drøfting og vedtak	1.kvartal 2019
27	Førebu budsjett for Nye Øygarden kommune. Jf §26 i Inndelingslova. Årsbudsjett for første driftsår, økonomiplan, investeringsbudsjett og handlingsprogram. Politisk utval med ansvar for utarbeiding av framlegg til budsjett- og plandokument	Prosjektleiar/ saksframlegg om etablering av utval, inkl. mandat	Fellesnemnda, drøfting og vedtak	1.kvartal 2019
28				
29				
30				



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/17	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	30.10.2017

Invitasjon frå KS til å delta i finansieringsordning for etablering av digitale løysingar - Oppfølging frå møtet 02.10.27

Samandrag av saka:

Fellesnemnda gjorde i møte 02.10.17, vedtak om utsetting av sak om deltaking i finansieringsordninga til KS for etablering av digitale fellesløysingar. Fellesnemnda ønskte mellom anna meir informasjon frå KS om kva kommunane får igjen for pengane, samt meir informasjon om samordning med andre kommunar.

Digitalisering vil i framtida skape nye måtar å levere og tilby offentlege tenester på, og vil vere ein viktig drivkraft for å forenkle og forbetre offentlig sektor. KS har utarbeidd ein digitaliseringsstrategi for kommunar og fylkeskommunar, og har sendt ein invitasjon til alle medlemmer om å delta i ei finansieringsordning for eit digitaliseringsprosjekt. I første omgang inviterer KS alle kommunar om å delta med eit eingongsbeløp på 20 kroner per innbyggjar. Formål med ordninga er å utvikle felles digitale løysingar for kommunal sektor. Ved å delta i ordninga vil ein få tilgang til alle løysingar som vert utvikla gjennom ordninga. Deltar ein ikkje i finansieringa får ein heller ikkje tilgang til produkt som vert utvikla.

Saka vert lagt fram med ei innstilling kor prosjektleiar tilrår fellesnemnda å delta i KS si finansieringsordning for etablering av digitale fellesløysingar.

Innstilling:

Fellesnemnda løyver inntil kr 750 000 til finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS, ref invitasjon i vedlagte brev.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:

- Brev frå KS datert 08.09.2017 – Invitasjon til å delta i finansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt

Saksopplysningar:

